



KATEM Byggtjenester AS
Råtun 45 c
5239 RÅDAL

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2955 - 16/26547

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

26.09.2016

Førebels svar på gbnr 81/50 - Risøy

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad vedkomande etablering av fritidsbustad.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket er plassert over regulert byggegrense, med ei minsteavstand frå tomtegrense på 3 m. Det er ikkje søkt dispensasjon for dette.
2. Så langt vi kan sjå er røyleggjermelding ikkje komplett og ferdig handsama. Kommunen kan ikkje ta stilling til dykkar søknad før vedtak ligg føre kring dette.
3. I gjeldande reguleringsplan er det satt ei maks BTA på 100 m². Sålangt vi kan sjå er fritidsbustaden større enn dette. Vi ber om eit arealreiknskap på fritidsbustaden der det går fram faktisk storleik, og dersom dette overskrider 100 m² BTA må det også søkjast om dispensasjon i frå dette.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.10.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

KATEM Byggtjenester AS

Råtun 45 c

5239

RÅDAL